



Sakshandsamar: Gunn Helen Henne  
Telefon: 57 65 51 37  
E-post: ghe@fmsf.no

Vår dato  
27.09.2010

Vår referanse  
2010/14396  
Rapportnummer  
2010.057.I.FMSF

Norway Pelagic AS, avd. Florø  
Gunhildvågen  
6900 FLORØ

### Informasjon om verksemda

Namn på verksemda: <b>Norway Pelagic AS, avd. Florø</b>	Organisasjonsnr.: <b>973 167 499</b> Eigd av: <b>991 097 414</b>
Stad og kommune: <b>Gunhildvågen, Flora</b>	Kontrolldato: <b>08.09.2010</b>
Postadresse: <b>6900 Florø</b>	Løyvedato og internt nr.: <b>20.09.1999, 1999.066.T</b>
Risikoklasse:	<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert

### Informasjon om kontrollen

Kontaktperson i verksemda: / tlf. / epost: <b>Dag Johannesen</b>	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: <b>Gunn Helen Henne</b> <b>Dagny Alvik</b>
Desse hovudtema vart kontrollert: <input checked="" type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input checked="" type="checkbox"/> Risikovurdering <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input type="checkbox"/> Forskriftskrav <input type="checkbox"/> Anna:	<input type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input checked="" type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input checked="" type="checkbox"/> Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering) <input checked="" type="checkbox"/> Sikkerhetsdatablad <input checked="" type="checkbox"/> Substitusjon
Bakgrunn for kontrollen: <input checked="" type="checkbox"/> Frekvensbasert inspeksjon <input type="checkbox"/> Frekvensbasert revisjon <input type="checkbox"/> Kontrollaksjon <input type="checkbox"/> Ny verksemd (ikkje kontrollert før) <input type="checkbox"/> Nytt løyve (ikkje kontrollert før)	<input type="checkbox"/> Oppfølging av eigenrapport <input type="checkbox"/> Oppfølging av klage/hending/tips <input type="checkbox"/> Oppfølging av siste kontroll <input type="checkbox"/> Kartlegging <input type="checkbox"/> Anna

### Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist **3 avvik**. Avvik er nærare omtalt frå side 3 i dette skrivet.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker etter at rapporten er motteke. Varsla kontrollgebyr vert då send via Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) for innbetaling.

Med helsing

Dagny Alvik  
overingeniør

Gunn Helen Henne  
overingeniør

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 65 50 55  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:  
post@fmsf.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

### Om kontroll frå ureiningstilsynet

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved Norway Pelagic AS avd. Florø i Gunhildvågen den 8.9.2010. Kontrollen vart gjennomført ved intervju av leiing og sentrale personar i verksemda, og ei synfaring i verksemda vinkla mot tilhøve med relevans for ytre miljø.

Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader innan miljøvernavdelinga sitt forvaltningsområde som vart avdekt. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

#### Definisjonar:

<b>Avvik</b>	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleiksløvgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrolllova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)
<b>Merknad</b>	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

### Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte tiltaka innan **1. nov 2010**. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto.

-----

Vi gjer merksam på at oversikt over miljøloverket kan ein finne på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no) eller vist til frå [www.klif.no](http://www.klif.no) (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no). Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta. Papirversjon av kapittelet kan de få hos Fylkesmannen.

-----

Vi vil nytte høvet til å takke for ein god gjennomgang og ønske lukke til vidare.

### Varsel om tvangsmulkt

Dersom verksemda meiner at det ikkje let seg gjere å rette opp avvika innan den nemnde datoen, må de skriftleg gjere greie for årsaka før fristen for attendemelding.

Dersom verksemda innan oppgitt tidsfrist ikkje kan dokumentere at tiltak i høve til dei omtalte avvika er i verk sett, vil Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt. Ei eventuell tvangsmulkt vil verte vedteke med heimel i § 73 i ureiningslova. Varselet er gitt med heimel i § 16 i forvaltningslova.

### Gebyr for kontroll

Verksemder skal betale gebyr for kontroll frå Fylkesmannen, jf. ureiningsforskrifta § 39-6 om gebyr for kontroll som varer inntil ein dag. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Norway Pelagic AS er ikkje plassert i risikoklasse, og skal då betale gebyr som for risikoklasse 4 (lågaste sats).

Fylkesmannen varslar med dette at Norway Pelagic AS skal betale eit gebyr på kr. 4 300,- for den gjennomførte kontrollen.

Faktura med innbetalingsblankett vert ettersendt frå Klif. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. Vedtaket om gebyr kan påklagast til Klif, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket gjeld. Ev. klage bør vere skriftleg grunngjeven og den skal sendast via Fylkesmannen som vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein ev. klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og det gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følge, blir for mykje innbetalt beløp refundert.

Verksemnda er foreløpig ikkje plassert i risikoklasse. Risikoklasse vert fastsett ved handsaming av utsleppssøknad, og blir oppgjeve i det nye utsleppsløyvet. Vi gjer verksemnda merksam på at de mest sannsynleg vil bli plassert i ein høgare risikoklasse enn risikoklasse 4, og må forvente eit høgare gebyr ved seinare kontrollar.

### Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

### Avvik

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

---

#### Avvik 1      Verksemnda har mangelfull internkontroll

**Avvik frå:** *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter* (internkontrollforskriften), § 5, andre ledd.

#### Kommentarar:

Internkontrollforskrifta krev at alle verksemder med tilsette skal ha internkontrollsystem, og at visse delar av internkontrollen må kunne dokumenterast skriftleg

På kontrolldagen kunne det ikkje visast til skriftlege rutinar for handtering av kjemikaliar eller farleg avfall. Verksemnda hadde ikkje skriftleg oversikt over kjemikaliar som vert brukte, eller dokumentert oversikt over farleg avfall som oppstår i verksemnda.

Verksemnda har ikkje dokumentert at det er utført ei systematisk risikokartlegging som gjeld ytre miljø. Mellom anna gjeld dette punktet om at det er sett i verk rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje brot på krav. Det kom mellom anna fram at avvikssystemet ikkje omfatta eventuelle feil som kan oppstå ved reinseanlegget.

---

**Avvik 2      Verksemda har mangelfull handtering av farleg avfall**

**Avvik frå:**    *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (Avfallsforskrifta), Kapittel 11: Farlig avfall.*

**Kommentarar:**

Deklarasjonsskjema er ikkje tilfredstillande utfylt jf. Avfallsforskrifta § 11-12. Det er mest sannsynleg brukt feil organisasjonsnummer, og det er difor ikkje registrert at Norway Pelagic, avd Florø har levert farleg avfall i NORBAS databasen. Feil eller ufullstendig utfylling gjer at avfallet vanskeleg kan sporast tilbake til avfallsprodusent.

Verksemda har ikkje tilfredstillande lagring av farleg avfall, jf. Avfallsforskrifta §11-5. Oljefat og blybatteri stod lagra utanfor fast dekke.

Verksemda har ikkje tilfredstillande merking av lagra farleg avfall, jf. Avfallsforskrifta §11-12. Spilloljefat var ikkje merka.

---

**Avvik 3      Verksemda har manglar ved kjemikaliehandteringa**

**Avvik frå:**    *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter, § 5, andre leden punkt 7 og produktkontrollova § 3.*

**Kommentarar:**

Verksemda har eit stoffkartotek, men dette var ikkje oppdatert slik at det inneheld sikkerhetsdatablad på dei kjemikaliane som vert nytta i dag. Det er viktig at sikkerhetsdatablada er av nyare dato (ikkje eldre enn 2-3 år).

Det er ikkje gjort ei risikovurdering av kjemikaliar med omsyn på miljøeffektar. Det er ikkje noko rutine for ei systematisk vurdering av kjemikaliar med tanke på utskifting av miljøskadelege stoff med mindre miljøskadelege (substitusjon).

Under inspeksjonen vart det observert ei umerka Fanta-flaske som mest sannsynleg inneheldt raudsprit. Alle kjemikaliar skal oppbevarast i egna emballasje og vere merka med innhald.

**Andre tilhøve**

Fiskeforedlingsverksemder vart forskriftsregulert frå 1.1.2010 (kapittel 26 i ureiningsforskrifta, om *forurensningar fra fiskeforedlingsbedrifter*). Den øvre grensa for verkeområdet for denne forskrifta er produksjonskapasitet for ferdig produkt opp til 75 tonn per døgn. Ferdig produkt i denne samanheng er slakta fisk eller bearbeida produkt (filet, osb.), rundpakka fisk skal ikkje reknast med. Norway Pelagic AS sin produksjonskapasitet er større enn 75 tonn per døgn, og de må difor søke om nytt løyve etter ureiningslova. Søknadsskjema og rettleiing er vedlagt denne oversendinga.

**Vedlegg:** Søknadsskjema for utsleppsløyve for industri og avfallshandtering

**Kopi:** Flora kommune